

### **Sak 3 Årsmelding 2018**

Styret har vore sett saman av leiar Reidun Ramse Sørensen, nestleiar Mari Svenbalrud, styremedlem Torill Nedberge Klevmark og kasserar Einar Raastad. Kasserar har vore fritatt frå andre styreoppgåver enn rekneskapsføringa, som har vore omfattande dette året.

Årsmøtet hadde vi 12. februar på Gran bibliotek. Etter årsmøtet heldt Gunvor Raastad foredrag om bestefar sin, lærebokforfattar og målmann Jens Hæreid.

Styret har hatt 7 styremøte. I tillegg har jubileumskomiteen i Hdml vore aktiv med fleire møte, og to gonger har vi invitert medarrangørane våre til møte i den utvida jubileumskomiteen.

Reidun, Mari og Vemund Viken er administratorar på FB-sida Hadeland dialekt- og mållag.

Grethe Bøe administrerar nettsida <https://hadeland-dml.no/>

#### **Representasjon**

- På årsmøtet i Austmannalaget deltok Torill Nedberge Klevmark.
- På landsmøtet i Noregs Mållag deltok Reidun R. Sørensen.
- Vår representant i Hadeland Litteraturforum er Torill Nedberge Klevmark.
- Reidun R. Sørensen har vore vara til styret i Austmannalaget.
- Vinje kommune inviterte Hdml v/Elin Mathisen, Ragnar Torbergesen og Reidun Sørensen til jubileumsførestilling i Det norske Teatret.

#### **Prosjekt *Vinje-jubileet 2018 i Gran***

Hadeland dialekt- og mållag (Hdml) har hatt to ekstraordinært travle arbeidsår bak oss. Vi markerte *Vinje-jubileet 2018 i Gran* med fleire arrangement gjennom 2018. Som medarrangørar i jubileet hadde vi invitert med oss fleire lokale lag og organisasjonar, og alle ville vere med! Vi fordelte og løfta fram dei ulike sidene ved diktaren, journalisten, «den første» fjellturisten, pilegrimen, fritenkaren, den religiøse, folketalaren, samfunnsrefsaren og - ikkje minst - målmannen Aasmund Olavsson Vinje.

- Hadeland VGS hadde temadag om jubilaranten 5. februar
- Hdml og Steinhusets venner, 14. mars
- Gran Historielag og Gran bibliotek, stort Vinje-seminar 6.-8. april
- Hdml og Kirken i Gran, 17. mai og 28. juli
- (Som bonus framførde Sanne skole eit nytt skodespel om A.O. Vinje 17. mai)
- Mannskoret KK, konsert 17. mai
- Pilegrimssenter Granavollen og Pilegrimsfellesskapet RiHaTo (Ringerike Hadeland Toten), vandring frå Røykenvik 2. juni
- Den norske Turistforening Hadeland, ny tursti 3. juni
- Hdml og Presteenkesetet Sjo, 2. juni, 28. juli, 29. september og 13. oktober
- Hadeland kirkeakademi, 27. august

Arrangørane vart nøgde med publikumstilstrøyminga frå fjern og nær, og i september og oktober var faktisk billettane utselde ei veke på førehand.

Nasjonalt vart Hadeland dialekt- og mållag, Granavollen og Presteenkesetet Sjo lagt merke til gjennom jubileumsåret. Andre joledag 2018 viste NRK1 sitt program om det nasjonale jubileet. Der fekk vi sjå innslag frå vår markering 17. mai, som vi ved Torill Nedberge Klevmark hadde sendt NRK, og intervju med Elin Mathisen på Presteenkesetet Sjo.

### **Hadeland Litteraturforum**

Forumet fekk ikkje tildeling frå Fritt Ord i 2018 men har eigenkapital nok til to-tre års drift.

Som vårt bidrag i fjor hadde Torill førebudd debattkveld om det skal vere skulane som skal sette rammene for norskfaget. Men fristen for innspel til Udir vart for kort, og debattkvelden måtte gå ut.

### **Dialekttempen for Hadeland**

Vi har avtale med fleire detaljistar i Gran, men diverre har vi ikkje funne interesserte butikkeigarar i Lunner og Jevnaker.

### **Økonomi**

Vi driv forretningsverksemd og kulturformidling på dugnad. Difor har vi god økonomi som gjer at laget kan planlegge framover. Rekneskapan er gjort opp med overskot.

### **Medlemssituasjonen**

Per 31.12.2018 har vi 39 medlemmer, ein auke på 3 frå 2017.

Styret